

## Kristofer og Bergljot Uppdal: Diktarar i galskapens grenseland

Arild Bye



*Kristofer Uppdal har fått sin biografi dette året. NRK-journalisten Arild Bye har skrive boka "Ein mot alle" som kom i vår. I denne artikkelen går Bye spesielt inn på åra 1927-1930, da Kristofer Uppdal og forfattarkona Bergljot Uppdal vart sperra inn på asyl, begge med diagnosen sjukleg paranoia.*

Den store nynorske diktaren Kristofer Uppdal var ein mann fullstendig prega av ei livsstemming som også har gitt tittel til livshistoria hans, han var alltid den som var *Ein mot alle*. Og kampen mot omverda førte også i periodar til at han kom nært inntil, og noen gonger trakka over galskapens grenser. Eige overmot og samtidas negative syn på han, tilsidesetting og manglande verdsetting, klang ikkje i hop. Han vart lagt inn på Gaustad asyl 27. januar 1927, som sjukleg paranoid, og mye kunne da tyde da på at han ville komme til å bli der, forsvinne inn i den svære gruppa mentalt forstyrra menneske som kvart år vart sperra inne - for alltid. For sjukdomen hans hadde da utvikla seg over fleire år, truleg heilt frå 1922-23, utan at noen greidde å hjelpe han.

Med unntak av at han var diktar, var knapt Kristofer Uppdal noe særtilfelle ein må ut i universet for å hente, da han vart sperra lagt inn på Gaustad dette året. Noen tal seier litt om det. I 1927 vart ikkje mindre enn 1757 nye norske innbyggjarar sperra inne i asyl, for å vere skjerma for det normale livet som dei ikkje

tolte, og for at samfunnet skulle vere skjerna for galskapen deira. Totalt var 6068 pasientar innlagte i norske asyl dette året; 3270 menn og 2798 kvinner. På Gaustad krydde det nettopp dette året av nye pasientar. Sjukehuset hadde vore gjennom ei stor utviding i pasientinntaket, og auka frå 1926 til 1927 belegg sitt frå 330 til 531. Uppdal var ein av over to hundre nye. Og det var ei voldsam auke i kategorien paranoide. På Gaustad i 1927 fanst det 68 andre menn og 76 kvinner med denne eine diagnosen. I 1926 hadde talet i denne pasientgruppa vore 12 og 7. Uppdal vart dermed lagt inn på ei populær diagnose. Men så var det dette med det spesielle likevel: Av dei 1200 nyinnlagte i norske asyl i 1927 kjem han frå ei spesiell yrkesgruppe: Han er ein av bare 5 i heile landet kategorisert under gruppa kunstnarar og journalistar.<sup>1</sup> Og han var da – og er til no, den einaste forfattaren i Noreg som har skrive ein tibinds romanserie om si samtid, eposet *Dansen gjennom skuggeheimen*, der det norske rallarlivet, og utviklinga av den første norske arbeidarrørsla står sentralt.

Uppdal hadde altså kjent seg forfølgd lenge da han vart lagt inn, han kom på kant med alle, i avisspaltene der han ofte figurerte, i festlivet der han oppheldt seg mye og gjennom diktinga si. Som arbeidardiktar var

han sterkt skeptisk til den revolusjonære lina Arbeidarpartiet hadde slått inn på i 1918, han kritiserte dei revolusjonære for å vere idealistar, i den mest revolusjonære tida i Arbeidarpartiets historie. Attåt dette skreiv han som nynorskdiktar både sterkt erotiske dikt og romanar, og sterkt samfunnskritiske og bygdekritiske romanar, noe som ikkje gav stor sjanse for hyllingar mellom landsmålsfolk, verken på Vestlandet eller i breibygdene på Austlandet. Og han nekta seg aldri retten til å seie si frie meining rett fram, alltid, til alle. Men folk trekte seg etter kvart unna han, og dermed utvikla han idear om at han vart motarbeidd, sidan utvikla dette seg til tankar om at han måtte vere forfølgd, til slutt kom det for han at bestemte personar var så imot han, at dei ønskte livet av han. I 1926 gikk han med på innlegging, først på ein privat klinikk i noen månader, Dr. Dedichens klinikk. Men etter å ha blitt sperra inn på Gaustad, følte han seg misbrukt også av legestanden Han hevda snart å ha blitt lagt ulovleg utan grunn, noe som også kjem fram i journalen frå Gaustad:

*Idet visitten går slenger han etter den en bemerkning om: "Ulovlig indlæggelse – og "Dere psykiatere skal nok få deres bekomst, selv om dere holder mig her i 80 år." "*<sup>ii</sup>

På Gaustad var det stille. Kristofer Uppdal hadde vore gjennom eit arbeidspress dei siste ti åra som hadde vore av ein annan verden, han hadde prøvd å bli den største både som poet, romandiktar, aforistikar og litteraturkritikar, og i tillegg hadde han kasta seg inn i politisk debatt og språkdebatt. Verken tida eller kreftene strekte til. Attåt dette budde han saman med ei kone med liknande ambisjonar som han sjølv, også ho ville bli diktar, men ho fikk bare gitt ut ein einsleg roman. Også ho såg verda som noe ho måtte slåst imot, alltid. Også ho, den ti år yngre Bergljot Uppdal, vart paranoid. Og kanskje snakkar vi i så fall om det første tilfellet av dobbeltgalskap, *Folie des deux*, i norsk litteraturhistorie, ei historie som dermed så langt er så godt som uførtald. Bergljot Uppdal blir lagt inn eit halvår etter mannen, ho blir sendt til Blakstad asyl, med same diagnose som mannen, ”insania paranoides”, mens dei to barna deira blir sendt på barneheim.

”*Folie des deux*” kan beskrivast ved at den eine si vrangførestelling blir overført til den andre, slik at to personar etter kvart begge lir av same sjukdom. To som utviklar ei slik lidning lever i følge psykiatrilitteraturen ofte svært isolert i tett fellesskap. Dei har mye aggresjon mot einannan, blanda med gjensidig



*Den unge Bergljot Uppdal, før ho gifte seg med Kristofer.*

skuldkjensle og angst for å skiljast. Det typiske er at dei deler sterkt tankar og kjensler. Den sterke i forholdet presser den andre til å akseptere sine kjensler og si forklaring av kvifor verda er som den er. Psykoanalytikarar har freista vise at det hos ein person som blir påført ei slik vrangførestilling er ei ubevisst identifisering til stades med det formål å halde på den andre. Kven har så eventuelt vore den sterke og den svake part av ekteparet Uppdal? Det er vel liten grunn til å tru noe anna, enn at han må ha vore den sterke og i så fall at det er hans paranoia som gradvis kan ha blitt overført til henne. Kanskje vart Bergljot Uppdal gal for å halde på mannen sin? Det vesle fellesskapet som dei hadde kunne gått tapt, men blir redda ved at ho godtar hans galskap og adopterer den. Men ho kan også ha hatt sterke personlege grunnar til å ut-

vikle ein paranoia, parallelt med hans, gitt dei utallige forsøka ho gjør på å bli forfattar utan å lykkast, særleg om det ho skreiv verkeleg var brukbart, men likevel ikkje vart akseptert av forlaget hennes, noe som ikkje er heilt usannsynleg, etter kva denne biografen meiner å ha sett.

Psykiatrien har hatt mye fokus på kven som er mest utsett for å utvikle ein akutt psykose, ein paranoia. Ein reknar fråver av varme, tryggleik og kjærleik i dei tidlege barneåra for viktig. Tidleg tap av foreldre er typisk hos pasientar med paranoide psykosar. Dette stemmer godt med Uppdal-paret som var to halvt foreldrelause, falittbarn, utrygge og forsiktige, underlegne i møte med dei "fine", og fulle av skam. Begge må som barn ha vore svært sensitive, begge med ei kjensle av å vere utsett for ein tung lagnad. Ho mister far sin som 5-åring, ein far ho knapt har sett så ho kan hugse det, han mister mor si som sjuåring, ho er da sjølv grunnplanen i livet hans. Og han har eit sers oppvakt og sårt sinn. Den vesle Kristofer Uppdal vart frå seg om noen foreldra lo av han, da han var bare fire-fem år. Han var i ungdommen full av kraft, men kunne lett bli pessimistisk, sjølvkritisk og mismodig, og vurderte fleire gonger å gjøre sjølv mord, kanskje fordi han



Kristofer Uppdal og sonen Skjalg, 1920.

mangla evna til å avreagere konflikta. Han var i sitt eige bilde ei sjeldan stjerne som hadde vunne fram i litteraturen i og med at han kom frå så små kår. Tilbakeheldt aggresjon knytt saman med svære ambisjonar og sterke moralske krav som stod i motsetning til den tilsynelatande tilbaketrekte og stille framtoninga hans noen gonger, mens han andre gonger, gjerne under påverknad av alkohol oppførte seg ufordrageleg og storslått, gjorde han sannsynlegvis til eit psykologisk bombe.

Bergljot Uppdal må han hatt ik-

kje stort lågare ambisjonar enn mannen, etter at også ho gav ut si første roman, *Byen* i 1915, bare 25 år gammal, som ho fikk dels god kritikk for. Hennar sosiale fall i barndomen var større enn hans, og hennar fall i status som forfattar vart etter kvart totalt. Det vil seie, ho vart aldri den ho ville bli, og etter eige oppfatning skulle ha kvalitetar til å bli.

Filosofen Martin Heidegger har sagt i boka *Vom Wesen der Wahrheit* at feiloppfatninga høyrer til det innte i eksistensen. Filosofen seier at vrangførestellinga endrar tilveret frå "å vere på vegen" til "ein marsj i feiloppfatninga". Frå "Auf dem Wege sein" til "Ein gehen in der Irre".

Men Uppdal-paret marsjerte i feiloppfatninga bare gitt at samfunnet hadde rett i vurderinga av dei. Kan eit samfunn også noen gonger vere bygd på ei vrangførestelling, ein marsj "in der Irre"?

Men eit samfunn kan vel aldri bli paranoid og utvikle galskap. Vi skriv 1927 da Uppdal-paret blir lagt inn. Dei er ikkje åleine, som eg har nemnt, om å bli lagt inn som paranoide i denne tida. Adolf Hitler er på veg mot makt i Tyskland. Benito Mussolini sit alt ved makta i Roma. Georgiaren Josef Stalin styrer i Sovjetunionen. Kristofer Uppdal hadde åtvare arbeidarrørsla mot å dreie vekk frå parlamentarismen og

inn på revolusjonsvegen. Men han snakka for dauve ører.

På Gaustad var verda stengt ute for diktaren. Men det kunne vere uro nok i medpasientane. Å vere i asyl var å leve saman med dei verst gale. Slik kunne asylet heller gjøre dei minst gale sjukare, enn dei sjuke friskare.

Noen medpasientar kunne også vere svært utagerande. Realitetsbristane kunne vere fullstendige. Dei nesten friske måtte leve tett med dei heilt sjuke. Alle pasientane budde på store sovesalar. Kristofer Uppdal var ikkje noe unntak. Han var 49 år. Han skulle bli sittande tre år, før han ved hjelp av gode venner, betring i helsetilstanden og god hjelp frå advokatvennen Michael Puntervold kom seg ut og vart erklært frisk. Utan sistnemnte er det mye som tyder på at han ikkje ville lykkast i å bli fri mann meir. Puntervold er mannen som seinare på 1930-talet vart mest kjent som Leo Trotskis advokat i Noreg.

Bergljot Uppdal kom seg aldri ut frå asylet, ho glei derimot meir og meir over i eit lukka tilvere, ho hadde hatt lite kontakt med kunstmiljøet før ho vart lagt inn. Hulda Garborg var som nabo eit unntak. Bergljot Uppdal skreiv da også til Hulda frå Blakstad:

*”Kjære fru Garborg!*

*Vilde de være god mot mig, fru Garborg, og la mig få se barna? Ta dem med dem til haven på Blakstad, fru Solberg var her, barna er på Wøien guttehem! (Jeg er alene i haven.) Deres Bergljot Uppdal.”*

Hulda Garborg hadde reist til fjells i Østerdalen, men da ho fikk brevet, limte ho det inn i dagboka si, eitt av dei svært få brev som finst limt inn i dagbøkene til Hulda Garborg. Ho noterte også: *”Brev frå den stakars fru Uppdal; det er poststempla Asker, så ho er nok no kome til Blakstad Asyl. Eg fær freiste skrive til henne.”*<sup>iii</sup>

Men verken Hulda Garborg eller andre skulle greie å få Bergljot Uppdal tilbake til normallivet igjen. Ho døydde i 1936, av ein kreftsjukdom, og hadde da vore sperra inn i ni år. Truleg glir ho etter kvart sakte inn i ein form for schizofreni, blir apatisk og mister realitetssansen heilt.

Kristofer Uppdal fikk tydelegvis heller inga spesialbehandling i asylet der han satt, han fikk mat og roande medisinar. Men inga behandling utover det. Det fanst lite av behandling på norske asyl i den tida, i realiteten mest ingen ting, og Gaustad var overfylt av nye paranoikarar. I stor grad var det snakk

om rein oppbevaring.<sup>iv</sup> Men Uppdal hang fast i livet. Han tok til å dikte igjen inn på asylet, fikk brev frå utanverda, frå noen som tenkte på han. Og besøk. Til og med pengegåver. På nyåret 1929, framleis innesperra, hadde han ferdig første utkastet til ei ny bok, *Galgberget*, som skulle bli starten på ei ny norsk gudedikting som skulle bli hans siste store livsoppgåve.

Hulda Garborg hadde meir sans for Bergljot enn for Kristofer Uppdal, ho møtte forlagsredaktøren til Uppdal, William Nygaard i Aschehoug, sommaren 1929, og fikk høre om det nye diktmanuskriptet som hadde blitt til på Gaustad:

*”eit veldugt manuskript, lyrisk. Sumt godt, sumt berre tull. Det kan ikkje bli prenta, då Uppdal hadde sett vilkåre alt eller inkje. Han finn seg godt til rettes på Gaustad og blir vel verande der.”*<sup>v</sup>

Men der tok Hulda Garborg feil på alle tre punkt. Uppdal kom ut hausten 1929, *Galgberget* kom ut hausten 1930, og da sterkt nedkorta, noe Uppdal hadde gått med på.

Det siste som står i journalen på Gaustad hausten 1929 er dette, (dato manglar.):

*”Følelsen av at bli hypnotiseret har svundet lidt etter lidt, så at det nu er som en rask drøm det hele.*

*Han indrømmer nu at det har været en sykelig tanke hos ham; han lægger undskyldende til: - Man kan jo Drømme så at det ikke blir stor forskjell på drøm og virkelighet”.*

Smak av Uppdals diktning inne på Gaustad.

Kristofer Uppdal dikta sitt kanskje aller vakraste dikt om barndommen, mens han satt inne på Gaustad, ”Sellipipa”, eller seljefløyta, på eit landsens trøndsk, eit språk han meir og meir skulle vende tilbake til i alderdomsdiktinga si.

*Låta tu sellipipa!  
Barnet i mennesket.  
Uhagt er barnet, og uhendig.  
- Den der låta tu borkrøyra!  
Enn so ung ho er då!  
Og en so frisk!  
Det er berre so sevju renn  
tu borka.*

*Låta tu sellipipa  
frå tida, ho attum oss.  
Barnedagan dei er der,  
i sellipipa.*

*I alderdoma  
då er ein barnet att.  
Då fær ein høyr’ att sellipipa,  
då når ein står og lyder umfor seg.  
Sellipipa då,  
låta stig næmar og næmar.*

*Ho hev med seg barn-sjæla di åt deg,  
i tonom ho spåla.*

*Den fyrste morgonstunda te barnet  
du finn ho att i låta  
tu sellipipa.  
Den fyrste morgonstunda!  
Då lo sola og storlo barnet  
i møte mot kvarander.  
Og dera smilen  
han la seg der  
i låta te sellipipa. <sup>vi</sup>*

Men han kunne samtidig vere skarp, ”Sanninga og lygna” er også dikta på Gaustad. Sanninga og lygna kan noen gonger likne på kvarandre:

*Sanninga ho er aldri lik seg sjølv,  
i andlits-laget.*

*Fyrri kvelden tok du åt ei flus sanning.  
Og himla trygt med hand di på a.  
Ho var vel god å ligg’ innåt.*

*I grålysinga vaknar du.  
Og sanninga ho var der ikkj meir.  
Då låg det ei lygn attmed deg.  
Du vart frosin i syna  
av å øygje på lygnsanninga.*

*I kveld kipper du til du blundrar*

*Og masar i sømne um lygna du  
ligg attmed.  
Du vaknar i dagbleika  
og skal sjå åt lygna,  
um ho er der.  
Då ligg ho og er ein godsmil av  
ei sanning.*

*Sanninga er aldri lik seg sjølv i  
lagom sinom.  
Det som var her i går,  
det er ansleis i dag.<sup>vii</sup>*

Kristofer Uppdal vart aldri rik på diktning, fattig hadde han alltid vore, men verre vart det etter at han hadde vore på asyl. Da han kom ut igjen, kunne det knipe om på mange vis. Og verst var livet når han ikkje kunne hjelpe ein som var enda fattigare enn han sjølv, noe han skreiv om i eit dikt trykt i *Arbeiderbladet* i 1931, eit dikt som elles aldri er trykt opp igjen før i denne artikkelen. Diktet heiter ”Fatigdom”:

*Fatigdomen er um deg,  
du kjenner som han gneg deg på  
foten  
kvart steg du tek.*

*Då stoggar ein utsvelt arming  
deg  
han er på deg og tigg  
til ei fatigmannshjelp for seg.*

*Då får du vita armoda di  
då du skal til å gjeva han sæle*

*gåva  
og du tek i indrelumma  
og du kjenner du har ikkje nokon  
ting å gjeva.*

*Fatig var han du måtte nekte å  
gjeva,  
men endå fatigar står du att med  
deg sjølv,  
du kunde ikkje hjelpe han  
og på augom hans såg du  
at han trudde du ikkje vilde gje  
va av rikdomen,  
- den rikdom du ikkje hadde.  
men som du kunde ynskje du  
hadde havt  
til å hjelpe.<sup>viii</sup>*

Arild Bye  
journalist  
E-post: [abye@ntebb.no](mailto:abye@ntebb.no)



## Fotnoter

- i Norges offisielle statistikk VIII.115. *Sinnssykeasylenes virksomhet 1928* og oppgave over antall offentlig forpleiede sinnssyke i 1927. Utgitt av medisinal direktøren. Oslo. Trykt i kommisjon hos H. Aschehoug 1930.
- ii 25.5.1927. Kristofer Uppdals journal frå Gaustad.
- iii Hulda Garborgs dagbøker. 27.7.1927. Handskriftsamlinga NBO.
- iv Disse konklusjonane baserer seg på samtalar biografen har hatt i 2007 og 2008 med professor i psykiatri Einar Kringlen om tilstanden i norske asyl i 1927-29 og om kva som kan ha blitt tilbode Kristofer Uppdal og Bergljot Uppdal av behandling.
- v Hulda Garborgs dagbøker, 3.6.1929. Handskriftsamlinga NBO
- vi Diktet stod trykt i landsmålsavisa *Den 17de Mai* 11.4.1930. Det kom med nesten utan endring i *Galgberget*, No regs Boklag 1930 s. 222-223, her i versjonen frå boka.
- vii *Galgberget*, s. 101-102. "Sanningen og lygna".
- viii *Arbeiderbladet* 24.10.1931.

